

# Notat

---

**Til: Formannskapet**

**Frå: Rådmannen**

**Kopi:**

Arkivsak  
20/753

Arkivkode  
140 & 37

Dato  
03.06.2020

## **Sak: Kommunal planstrategi**

Saka om kommunal planstrategi – plan for planane våre, vart drøfta og lagt ut på høyring etter formannskapet sitt møte 13.05. (F-sak 55/2020) Målsetjinga har vore å leggja saka fram for kommunestyret 18.06. Me har no revurdert dette og tilrår at saka utstår til kommunestyret sitt møte 28.08.

Det er fleire grunnar til ev utsetjing, men hovudgrunnen er at me ynskjer litt betre tid til opplysing, klargjering og drøfting av saka, inkl drøfting med politisk nivå.

Me ynskjer litt betre tid til å klargjera strukturen og prioriteringane i det vidare planarbeidet.

Denne våren er det komme to framlegg frå politisk nivå om å sjå på kommunedelplanar som sentralt i planarbeidet på to område; teknisk og oppvekst.

Når dette skal vurderast er det viktig å ha ei klår oppfatning av samanhengane og grensesnitt i plansystemet; Overordna plan –KPS, handlingsdelen i KPS som skal inngå i Øp-arbeidet, diverse fagplanar og årsbudsjettplanlegginga.

Me har og intensjonar om å ta i bruk planmodulen i «Framsikt-verktøyet» som er under utvikling og der me har vore med som pilot.

Dette vurdert i samheng så vert det hektisk og krevjande å få dette på plass med god sakshandsaming til 18.06.

Ei utsetjing av det formelle vedtaket om planstrategi vil ikkje hindra/stoppa det vidare arbeidet.

Me opplever at det er grei holdning til at me skal starte opp arbeidet med kommuneplanen sin samfunnsdel og dette vil bli gjort.

Arbeidet med områdeplan Hafslo, som vil vere eit større arbeid på arealsida vil og bli starta opp uavhengig av formelt vedtak.

Dette til orientering og vurdering.

Jarle Skartun  
rådmann